



Emnerapport H2019:

## GEO100 Examen facultatum - Introduksjon til geografi: Globale utfordringer og lokale svar

### 1. Informasjon om emnet


Emne	<a href="https://www.uib.no/emne/GEO100">https://www.uib.no/emne/GEO100</a>
Undervisningssemester	Høst 2019
Emneansvarleg	Pelle Engeseter
Vurderingsform	Skriftleg eksamen 4 timar
Undervisningsform	Forelesingar, seminar og feltkurs
Obligatoriske arbeidskrav	<ul style="list-style-type: none"><li>Godkjend rapport frå feltkurs</li><li>Medstudentevaluering både skriftleg og munnleg</li><li>1 obligatorisk seminar</li></ul>

### 2. Statistikk

Eksamensmeldt	45
Bestått	43
Ikke møtt	2
Stryk	0
Gjennomsnittskarakter	C

#### Karakterfordeling

Ordning	Antall studenter	A	B	C	D	E	F
S Skriftlig skoleeksamen	45	3	11	17	10	2	0
	%	7	26	40	23	5	0
	%	7	26	40	23	5	0



### 3. Egnevaluering

*Vurdering av undervisningsopplegget i forhold til mål og resultater (emneansvarlig)*

#### Undervisningsopplegget

Undervisningsopplegget har i all hovudsak fungert bra slik emneansvarleg ser det, både i høve til mål for emnet og resultat i form av oppnådde karakterar. Utfordringa ligg, ligg som kjent, i å finne ei form som passer for alle GEO100-studentar der nokre kjem rett i frå vidaregåande skule, medan andre kan ha tidlegare studieerfaring eller vore ute i arbeidslivet. Det å møte ei slik lite homogen gruppe kan lett bli ei pedagogisk utfordring, men óg ei utfordring med tanke på undervisningsopplegg.

Tilbakemeldinga frå studentane stór opp om ei slik vurdering. Korvidt undervisningsopplegget er optimalt med tanke på målgruppa er vanskeleg å si noko eksakt om all den tid studentane har såpass store skilnader i «modningsnivå». Uavhengig av studentane sine føresetnader for å følgje undervisninga, bør førelesarane arbeide med å finne ei formidlingsform som kan appellere til både unge ferske studentar og dei noko eldre studentane med ymse erfaringsgrunnlag.

Emneansvarleg og dei fleste undervisarane på emnet vart på førehand samde om nokre retningslinjer for undervisninga. Mellom anna skulle vi aktivisere studentane med bruk av aktiv to-vegs kommunikasjon gjennom å stille spørsmål i timen om sentrale tema frå førelesinga eller i form av dialogbasert undervisning. Studentane vart bedne om å lese det aktuelle pensumet til kvar førelesning slik at dei på den måten skulle vere godt førebudde. Nokre førelesarar la også inn pensum-quiz som studentane skulle svare på før undervisninga. Dette er i prinsippet ei undervisningsform som i stor grad fordrar dialogbasert undervisning framfor kateterundervisning – som dei fleste studentane truleg er mest vane med, og kan såleis vere ei utfordring for somme. Det faglege utbyttet til studentane kan vere påverka av dette. Når det er sagt, så melder førelesarane (i ulik grad) at dei møtte ein entusiastisk gjeng med studentar som hadde førebudd seg til timen og som tok del i fagleg diskusjon. Det er likevel slik at dette ikkje gjeld samtlege studentar – og slik vil det alltid vere.

#### Verda og vi

Verda og vi er den nye hovudpensumboka i GEO100. Boken er primært laga med tanke på undervisning på lærerutdanninga på HVL. Boka gir ei enkel, men grunnleggande innføring i emne knytt til natur- og samfunnsgeografi, samt vær- og klimalære. Miljøgeografiske emne er ikkje dekkja, her blir kapittel 13 i Getis, Bjelland og Getis frå 2014 (tidlegare hovudbok) nytta, noko som fungerer godt etter min meining. Verda og vi fungerer godt på naturgeografiske emn og vær- og klimalære, men blir oppfatta som noko «enkel» av somme førelesarar (og nokre studentar) for ein del samfunnsgeografiske emne. Einskilde tema vart følgeleg utvida med tilleggslitteratur. Boka er blitt blanda mottatt av studentane, men de fleste ser ut til å like boken. De ulike tilbakemeldingane skyldast truleg i stor grad at studentane utgjør ei lite homogen gruppe. Nokre tilbakemeldingar frå studentane gjekk på at boka var på nynorsk. Det er eit argument vi ikkje skal bry oss om, sjølv om det kan vere litt tungt for utanlandske studentar som har lært seg bokmål.

Verda og vi tilbyr innføring på norsk og med norske døme. Det er positivt. Det som manglar av fagleg relevant stoff kan bli henta inn frå andre kjelder.

Fleire av kapitelforfattarane av *Verda og vi* føreleste over egne tema, noko som sikrar god nærleik til pensum.

**Seminara** (Basert på tekst av seminarleiar Per Gunnar Sakseid)

I seminara vart det lagt vekt på akademisk referanseteknikk («når refererar vi og kvifor?»), kjeldekritikk, tips og triks til studieteknikk, forventingar til universitetsstudentar, definisjonar av omgrep, beskrivelse og tolking i naturgeografi (v/Pål Ringkjøb Nielsen), korleis lese ein akademisk artikkel, og ei øving i bruk av flyfototolking som metode. Generelle øvingsoppgåver i seminara var å jobbe med sentrale omgrep frå pensum og førelesningar. Det blei også lagt vekt på at studentane skulle bli klar over samanhengane mellom ulike geografiske kjerneomgrep.

Seminarleiar sit at med inntrykk av dei fleste studentane trivst best med å jobbe gruppevis med eksamensorienterte oppgåver som ga grunnlag for diskusjon. Gruppediskusjonar om geografiske omgrep leia an til eit godt arbeidsmiljø, mellom anna fekk dei øving i bruk av tankekart. Gruppesamansetninga vart endra i løpet av arbeidsøkta, og nye konstellasjonar drøfta svara frå andre grupper. Seminarleiar sit at med eit positivt inntrykk av denne arbeids-forma.

Ein erfaring seminarleiar gjorde var det kan vere fornuftig å lage ulike sett med oppgåver som reflekterer dei ulike kompetansenivåa blant studentane. Dei som er helt ferske bør få ein grundig og detaljert og tydeleg innføring i alt frå føremålet med referansar og når (og kvar!) dei skal inn i oppgåvetekstar. Dei erfarne bør få oppgåver som er meir utfordrande. Dei bør bli utfordra i skriveteknikk og det å lære frå seg til dei uerfarne studentane.

Emneansvarleg meiner seminarleiar/mentor gjorde ein svært god jobb med seminara.


**Feltkurset**

Feltkurset var lagt til Voss torsdag 26. og fredag 27. september. Samtlege registrerte studentar tok del. Frå staben deltok Per Gunnar Sakseid (mentor og seminarleiar), Pål Ringkjøb Nielsen og Pelle Engesæter (emneansvarleg). Studentane skulle gjennomføre tre feltoppgåver i naturgeografi, miljøgeografi og samfunnsgeografi. Dei skulle så utarbeide ein feltkursrapport. Emneansvarleg er stort sett godt nøgd med gjennomføringa av kurset. Fasilitetane på Vandreheimen var gode, men det var ikkje godt nok mattilbod for vegetarianarar og veganarar. Feltarbeidet gjekk greitt, og studentane kunne arbeide med oppgåvene på kveldstid torsdag. I ettertid ser vi at ikkje alle studentane har same grad av skriveferdigheit og bruker feil referanseteknikk (jf pkt.5).


#### 4. Studentevaluering:

24 svar.


##### #1 Jeg tar emnet som del av:



##### #2 I hvor stor grad har du deltatt i undervisningen?



##### #3 Hvordan vurderer du disse sidene ved undervisningen?



#### #4 Har du kommentarer til forelesningene?

*Kommentarer er fjernet*

#### #5 Har du kommentarer til seminarene?

*Kommentarer er fjernet*

#### #6 ar du kommentarer til feltkurset?

*Kommentarer er fjernet*

#### #7 Har du kommentarer til litteraturen? Hvilke bøker/artikler fikk du mye/lite ut av?

*Kommentarer er fjernet*

#### #8 Hvordan opplever du at innholdet i kurset gjenspeiler læringsutbytte som er definert i emnebeskrivelsen? <https://www.uib.no/emne/GEO100>


- Svært bra: 5
- Bra: 16
- Middels: 3
- Dårlig
- Svært dårlig

- Vet ikke:

### #8 Synest du informasjonen som er lagt ut på Mitt UiB er tilstrekkelig for å orientere deg i kurset?

- Ja: 21
- Nei: 3

### #9 Hva er din samlet vurdering av emnet?



### #10 Har du kommetarar din samlet vurdering av emnet?

*Kommentarer er fjernet*

### #11 Har du forslag til forbedring av emnet?

*Kommentarer er fjernet*

## 5. Oppfølging

*Oppfølging av/kommentarer til tidligere evalueringer. Hvordan rapporten følges opp, evt. tiltak eller endringer som er gjort/planlegges gjennomført på bakgrunn av emnerapporten*

Det bør i større grad takast høgde for at studentane har ulik grad av erfaring og modenheit, dvs ikkje alle studentane kjem rett frå vidaregåande skule. Fleire av studentane peika på at førellesningane kunne ha vore meir pedagogiske, noko som kan skuldast at studentmassen er lite homogen og såleis har ulike forventningar. Samstundes så bør alle førellesarane vere merksame på korleis stoffet vert presentert.

Seminarleiar peikar på at det bør bli lagt meir vekt på skrivetrening og referanseteknikk i forkant av arbeidet med feltrapporten. Ein måte å gjere dette på er å lage obligatoriske førebuingssoppgåver før feltkurset. Dette vil føre til at feltkursgruppene er nøydd til å møtast og tenke på oppgåvefordeling før dei drar i felt. Mange av studentane har ikkje utført slikt arbeid før og dei som ikkje prioriterte å møtast som gruppe før feltkurset gjekk i gang hadde merkbart dårlegare føresetnader for å danne kjapp oversikt over arbeidsoppgåvene på Voss. Samstundes må ein nemne at dei flest feltrapportane vart gjennomførte på ein akseptabel måte til slutt, men nokre grupper måtte levere revidert rapport.

Når det gjeld oppgåva i naturgeografi var ho delt i to deler, og vart med det såpass omfattande at mange studentar sleit med å halde seg innanfor ordgrensa på 800-1000 ord. Vi vil såleis tilråd at det vert lagt inn ei høgare ordgrense til denne delen om same oppsett som i 2019 vert fylgt.

Seminarleder meiner det verkar som den tidlege eksamen i GEO110 skapte stor entusiasme blant studentane, og at det av den grunn kunne vært ein idé å nytte feltkurset i GEO100 til å få nytta ut noko av denne entusiasmen i praksis. Det kan såleis tenkast at ei samkøyring mellom desse to faga kunne ført til auke interesse for GIS av di det ville lagt opp til å faktisk nytte kartografikunnskapen dei lærer i GEO110 samstundes som det lettar litt på overlappande arbeidsbyrder.

Mattilbodet på feltkurset var ikkje tilfredsstillande for vegetarianarar og veganarar. Det er ikkje akseptabelt å tilby salat og grønsaker som hovudrett. Det bør tilbydast eit varmt vegetar/veganmåltid. Elles var maten heilt grei.